


# Langesund Rotaryklubb

## Rotary

### Møtereferat



## Rotarymøte 15. mai 2024

Vi var 16 frammøtte, og president Kjersti Martinsen gjorde oss merksame på at **månadens tema** er ungdomstenesta. Ho minte om **distriktskonferansen**, som Ulefoss RK skipar 06.–08.09. Vidare fortalte ho at overskotet frå konsertane til banduraorkesteret **Дзвінка** var på kr 93 000. **Dagens dikt** var det vakre *Mai måne*, som Rolf Jacobsen (1907–94) gav ut i samlinga *Sommeren i gresset* (1956). Det var ein **fødselsdag** – presidenten fylte år 18. mai. Vi gratulerer!

Det var to **tigrisinnlegg**. **Rolf Heimdal** fortalte om TRF-prosjektet *Innsats for andre* på 9. trinn ved Bamble ungdomsskole. Det blir informasjonsmøte 24.5. med Rotary og andre frivillige organisasjonar. Utsvekslingseleven vår, **Leonardo**, fortalte at han hadde vore på ein korgballcup i Kristiansand, med mykje hyggje attåt. 16. juni får han besøk av mor si og bestevenen sin, og dei skal alle på ein rundtur i Europa før dei fer heim att til Mexico.

**Føredraget denne kvelden** var det interessante og underholdande **egoføredraget** til den nyaste medlemmen vår, **Nils Tore Føreland**, som blei oppteken i klubben 8. desember i fjor. Nils Tore gav føredraget sitt tittelen *En Drangedøl ser tilbake. Litt ego, men mest om hva jeg har opplevd, folk jeg har møtt og noen gode sitater*. I ein elegant powerpointpresentasjon la han fyrst fram yrkeslivet sitt i kortversjon: Frå Drangedal til Nyland Verksted, derfrå til Ekofisk, Fagskolen, Etylenfabrikken Rafnes, fylkeshuset, norsk sokkel, Youngstorget og tilbake til sokkelen. Resten av føredraget var ei fascinerande utdjujing av alt dette. Frå 2000 til 2022 var han sikkerheitsleiar på 10 plattformer. Ved sida av yrkeslivet var han i over 30 år politisk engasjert, som folkevald. Han sat i fylkestinger frå 1980 til 2003 og var ordførar i Drangedal frå 2003 til 2011, «pluss et uendelig antall andre verv, fra barnevernsnemnd til varamann på Stortinget». Partiet hans var Arbeidarpartiet, og han var med i AUF og Ap frå 1972 til 2014. Han har vore medlem av LO sidan 1973, med ei rekkje tillitsverv i 40 år. I tillegg til dette aktive livet har han fått plass til ei innhaldsrik fritid, som ivrig jeger, med ei reiselyst som har ført han til Syden, Austen og turar i Afrika og Europa. Han er hobbykokk, likar god vin og prøver å halde kroppen i form. Føredraget blei, som lova, krydra med fleire morosame sitat, t.d. Otto von Bismarcks *Den som vet hvordan lover og pølser blir laget, får aldri mer en rolig natts søvn* og det lærerike *Svak argumentasjon – hev stemmen*, som vi alle kan leggje oss på minne. I Rotarys medlemsnett har han klassifikasjonen og yrkestittelen *pensjonert sikkerhetsleder*. Var det tilfeldig av føredraget blei avbrote av ein brannalarm? Det var ei øving, sa dei.

Langesund, 22. mai 2024, *Rolf Theil*.

## MAI MÅNE

Mai måne  
går omkring som en inspektør i hvit jakke.

Nu er snart gjestene her.  
Er alt på plass? Dette gobelin  
må børstes, grønne tepper overalt  
og lys på bordene.

Litt musikk, bare dempet,  
— en trost, litt lerce, det er bedre  
— og fioliner. Ta opp noen bekker til!

